

Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

Tid: Tysdag 26. april, kl. 10:00 – 11:30

Stad: Formannskapssalen i Midtgard

Til stades: Bjarne Eiolf Holø (BEH), Terje Hoel (TH), Herdis Kvamme Repp (HKR), Jon Håvard Strypet (JHS), Trine Solberg Johansen (TSJ)

Forfall: Bjørn Bakke (BB)

Møtleiar: Ordførar Bjarne Eiolf Holø

Møteagenda:

1. Referat frå møtet 15.mars
2. Planleggja møte med FTU 12.mai
3. Trafikksikringsplan
4. Eventuelt

Nr	Sak	Ansvarleg
1	Referat frå førre møte vart gjennomgått. Ny representant frå Helsesektoren framover er Bjørn Bakke.	BEH
2	FTU treng attendemelding på kor mange som stiller på møtet i Lom 12.mai. Det er ynskjeleg med representantar frå fleire sektorar på møtet, og sidan synfaringa går til Brubakken skal rektor ved Loar skule, leiar ved Loar barnehage og plan- og miljørådgjevar inviterast med. FTU må kontaktast for informasjon om servering og talet på personar som stiller på møtet. Om mogleg kan FTU takast med på synfaring til Garmo/Vårdalen ved Lyngve.	TSJ
3	Råutkast til ny trafikksikringsplan vart gjennomgått. Utvalet såg på eksemplar frå andre kommunar, og kom fram til at Lom kommune sin plan kunne supplerast med enkelte punkt tilsvarande Lesja kommune sin trafikktryggleiksplan. Dei ulike tenestområda skal utarbeide omtalar av sine oppgåver knytt til trafikksikring i kommunen, jf. Lesja kommune sin plan (<i>Handlingsplan for opplæring, informasjon og adferdsregulerende tiltak</i>).	Alle
4	Det må kallast inn til nytt møte for gjennomgang av trafikksikringsplanen. Det bør haldast i slutten av mai. Trafikksikringsplanen bør opp i formannskapet før det skal ut på høyring. Send inn omtalar av tenestområda slik at dei kan settast inn i planen.	TSJ Alle